

Til Sjøfartsdirektoratet

02.02.24

Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund. Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurranseskraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådriver for å fremje regionen sine interesser ovanfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan. Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnarskap mellom kommunar og næringsliv.

Uttale frå Sunnmøre regionråd vedkomande vedrørande beredskapsferje og endra praksis for kviletidsbestemmelser

Sunnmøre regionråd ber om at Sjøfartsdirektoratet utset praksis av innskjerpa regelverk inntil vidare på denne nasjonale utfordringa. Fylkeskommunar, beredskapsaktørar og Sjøfartsdirektoratet treng tid for i fellesskap å finne fram til løysingar som sikrar at

- Fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver kan løysast
- Innbyggjarar og næringsliv er sikra pålitelege og føreseielege tenester
- Beredskapsaktørar er sikra ein formålstenleg transport

Det er særleg viktig at innstramming av praksis for dispensasjoner blir slik at fylkeskommunane kan tilby ein stabil teneste for skoleelevar. Dette er ei lovpålagd oppgåve som fylkeskommunane har, og som dei på noverande tidspunkt ikkje får løyst ved beredskapshendingar.

Omsynet til folk og næringslivet må og vege tungt. Det vil vere lite effektiv ressursbruk om fylkeskommunar ikkje lenger kan legge til rette for beredskapsaktørar, men må avvikle beredskapssamband for å sikre eigne lovpålagte tenester.

Vi viser til vedlagd brev frå Fjord kommune til Fjord1 som synleggjer konsekvensar av Sjøfartsdirektoratet sin endra praksis med å ikkje lenger gje dispensasjon frå kravet om 6 timer samanhengande kviletid for beredskapssamband.



Med helsing

Vebjørn Krogsæter
styreleiar

Jan Kåre Aurdal
dagleg leiar